

Sak til samarbeidsutvalet/-rådet

Går til:	Medlemmane i samarbeidsutvalet/-rådet
Dato:	16.09.2020
Sakshandsamar:	SSE
Saka gjeld:	Oppfølging av tiltak i Handlingsplan 2020: Planlegge, gjennomføre og evaluere fellesøving om samarbeid ved pandemisk influensa
Saksnummer:	36/20

Bakgrunn

[Avtale om samhandling i forbindelse med pandemisk influensa](#) (særavtale til Tjenesteavtale 11 og 12) er utarbeidd og signert av partane.

Avtala skal bidra til å gje innbyggjarane nødvendig helsehjelp under ein influensapandemi, og den skal bidra til å sikra ansvarsforhold og rutinar for samarbeid mellom kommunar og sjukehus.

Under punkt 2.2 i avtalen står det at *Avtalepartene skal tilstrebe og delta i de andre partenes øvelser.*

Eit av dei prioriterte tiltaka i [Handlingsplan 2019](#) var å *implementere avtalen med aktuelle tiltak, og mellom anna vurdere å gjennomføre ei første felles øving.*

I september 2019 vedtok SUa at det skulle setjast ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å planleggje for ei felles øving våren 2020 og at øvinga skulle evaluerast hausten 2020.

I mars 2020 kom Covid-19 og planen for øvinga vart nytta i den reelle pandemien. Ein tok i bruk det som stod i avtalen og koordineringsgruppa vart etablert. Denne gruppa har arbeidd gjennom heile den pandemisituasjonen me har vore gjennom, og er framleis operativ.

Konsekvensen av dette er at den planlagde øvinga er avlyst og avtala er nytta i ein reell situasjon. Koordineringsgruppa har meldt inn ønske om at deira arbeid vert evaluert.

Drøfting

Sjølv om det ikkje er gjennomført ei øving slik det var planlagt for, vil det likevel vere naudsynt å gjennomføre ei undervegs-evaluering av koordineringsgruppa sitt arbeid gjennom dei månadane me har hatt ein pandemi. I ei slik undervegs-evaluering bør det også vurderast om særavtala har;

- *bidratt til å gje innbyggjarane nødvendig helsehjelp under ein influensapandemi*
- *sikra ansvarsforhold og rutinar for samarbeid mellom kommunar og sjukehus*

Tilråding frå SSE

- Øvinga som var planlagt går ut sidan me har nytta avtalen i ein reell situasjon.
- At ein hausten 2020 planlegg for ei undervegs-evaluering av korleis [Avtale om samarbeid ved pandemisk influensa](#) og koordineringsgruppa har fungert i den pandemiske situasjonen.
- At ein samlar gruppa som arbeidde med planlegging av ei felles øving, og at denne gruppa får i oppdrag å planleggje og ha ansvar for at evalueringa vert gjennomført.
- At Fylkesmannen i Vestland vert invitert til å delta og gje råd i planlegging og gjennomføring av evalueringa.
- Det må vurderast om det er behov for ytterlegare avklaringar med partane når det gjeld innhald og rammer for gjennomføringa.

Med bakgrunn i at fleir av medlemmene i arbeidsgruppa har slutta eller endra stilling må partane vurdere om det skal utpeikast nye representantar til gruppa.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsutvalet i Bergen sluttar seg til forslag om at det hausten 2020 vert planlagt for ei undervegs-evaluering slik det er skissert i tilrådinga frå SSE.